

---

Saksnr: 2019/101-24  
Saksbehandlar Even Vaular  
Dato: 26.10.2020

---

---

**Til:** Trafikktryggingsutvalet

---

**Frå:** Dina Lefdal, fylkesdirektør for infrastruktur og veg

---

## Status for kommunale trafikktryggingsplanar i Vestland 2020

I førre møte i trafikktryggingsutvalet (FTU) vart det uttrykt ønske om at fylkesdirektøren kom attende til utvalet med ei oppdatert oversikt over status for kommunale trafikktryggingsplanar i Vestland fylke. Fylkeskartet syner 43 kommunar, ei blanding av gamle og nye, samanslåtte. Dei nye kommunane kan ha planar som framleis er gyldige for delar av eller heile den nye kommunen.

I starten av kvar valperiode utarbeider kommunane og gjer vedtak av kommunal planstrategi, i tråd med plan- og bygningslova §10-1. I planstrategien vert det vurdert kva planar som skal verta starta opp/rullert i løpet av valperioden/planperioden. Mange trafikktryggingsplanar vert gjennomførte som kommunedelplanar, og er då underlagt krav til planlegging i plan- og bygningslova. Etter §11-2 skal kommunedelplanar for tema eller område av verksemda ha ein handlingsdel som seier korleis planen skal verta følgd opp dei fire påfølgjande åra eller meir. Handlingsdelen skal verta revidert årleg.

Kommunale ts-planar er eit satsingsområde for fylkeskommunen. Difor har me ei tilskotsordning til føremålet, og nyttar «kvart eit høve» til å framsnakka slike planar. Etter tiltak 121 i Nasjonal tiltaksplan for trafikkssikkerheit på veg 2018-2021 skal fylkeskommunane arbeida for at alle kommunar skal ha kommunale trafikktryggingsplanar. Fylkeskommunen er høyringspart for ts-planar, og gir råd og faglege innspel i ts-planprosessar - gjerne gjennom deltaking i arbeidsgrupper.

Oversikta over status for kommunale ts-planar ser ikkje særskilt på om årleg revisjon av handlingsdel til ts-planar med status som kommunedelplan har funne stad. Den tar heller ikkje føre seg kva vurderingar kommunane har gjort i kommunal planstrategi av behovet for rullering av ts-planane, og om desse intensjonane er følgde opp. I staden ser oversikta på om planperioden kommunane har sett på ts-planane framleis er gyldig, og om rulleringar er på gang. Me tar atterhald om at det kan vera feil i oversikta.

## Status for kommunale trafiktryggingplanar i Vestland fylke per oktober 2020

Kommune	Gjeldande/siste plan (planperiode/utløpsdato)	Status og kommentarar
Alver	Ny kommune	Planlegg ny
Askvoll	31.12.2022	Utløper 2022
Askøy	2019-2022	
Aurland	2013-2017 (?)	Gjeldande planperiode kjem ikkje tydeleg fram. Fått FTU-tilskot i 2020 til ny plan.
Austevoll	31.12.2023	
Austrheim	KDP for trafikksikring, 2016-2023.	Fått FTU-tilskot i 2020 til ny plan.
Bergen	31.12.2021	Revideringsarbeid i gang 2020
Bjørnafjorden	Ny kommune (Os + Fusa). Os: 2018-2022 (KDP). Fusa: 2016-2019.	Fått FTU-tilskot i 2020 til ny plan. Arbeid med ny plan i gang
Bremanger	KDP trafiktrygging 2013 - 2016	Handlingsplan revidert 2017 og 2020. Fått FTU-tilskot i 2020 til ny plan.
Bømlo	31.12.2020	Revidert plan ferdig 2020
Eidfjord	KDP 2012-?	Er dette siste plan? Planperiode kjem ikkje tydeleg fram.
Etne	2019-2029	
Fedje	2003-2014	Planen er ikkje rullert dei seinare åra.
Fitjar	KDP 2014-2022	Fått FTU-tilskot i 2020 til ny plan. Planlegg revidering 2021.
Fjaler	2013? Eller 2005-2008?	Tiltaksliste er oppdatert i 2018
Gloppen	31.12.2024	Utløper 2024
Gulen	31.12.2025	Utløper 2025
Hyllestad	31.12.2015	Er i gang med revidering
Høyanger	31.12.2025	Utløper 2025
Kinn	Ny kommune (Vågsøy + Flora). Vågsøy: 2013-2020 (KDP). Flora: 2013-2020.	Fekk FTU-midlar i 2020 til ny plan.
Kvam	31.12.2019	Ny plan i 2020
Kvinnherad	31.12.2020	Vedtek ny plan i 2020
Luster	KDP 2016-2028	Fekk FTU-midlar i 2020 til rullering av plan.
Lærdal	31.12.2021	
Masfjorden	Ts-plan for Masfjorden kommune 2015-2019	Fekk FTU-midlar i 2020 til ny plan.
Modalen	2014-?	Etter kommunal planstrategi 2016-2020 vart ein ts-plan godkjent i 2014. Høyringsutkast til ny planstrategi (2020-2023) nemnar ikkje ts-plan.
Osterøy	2016-2020	Temaplan ts 2020-2024 på høyring ut oktober 2020.
Samnanger	2017-2021	
Sogndal	2017-2020	
Solund	2012-2019	Revidering på gang.

## Status for kommunale trafiktryggingplanar i Vestland fylke per oktober 2020

Kommune	Gjeldande/siste plan (planperiode/utløpsdato)	Status og kommentarar
Stad	Ny kommune (Selje + Eid + delar av Vågsøy). Selje: 2018-2025. Eid: 2017-2029 (KDP). Vågsøy: 2013-2020 (KDP)	Fekk FTU-midler i 2020 til ny plan.
Stord	KDP trafikksikring 2012-2016.	Fekk FTU-midler i 2020 til ny plan. Gjeldande plan fekk eit lengre liv enn planperioden tilseier, då den først vart godkjent av Stord kommunestyre 22/5-14.
Stryn	KDP for trafiktrygging og samferdsle 2017-2020	Fekk FTU-midler i 2020 til ny plan
Sunnfjord	Temaplan for trafiktryggleik 2020-2021	Fekk FTU-midler i 2020 til ny plan. Ny kommune, mellombels temaplan fram til KDP er på plass.
Sveio	2017-2028	
Tysnes	2017-2020	
Ullensvang	Ny kommune (Jondal + Odda + Ullensvang)	
Ulvik	2018-2025	Plan vedtatt i 2019.
Vaksdal	2016-2019	
Vik	2019-2023	
Voss	Ny kommune (Voss + Granvin)	Fått FTU-tilskot i 2019 (HFK) for det nye heradet.
Øygarden	Ny kommune (Fjell + Sund + Øygarden)	
Årdal	31.12.2022	